



Sakshandsamar: Per Stensland
Telefon: 57643160
E-post: fmsfpst@fylkesmannen.no

Vår dato
23.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4211 - 733.0
Dykkar referanse

Fylkesrådet for eldre v/Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Legekonsultasjonar med eldre - tal problemstillingar

Fylkesmannen mottok 09.11.2015 vedtak 10/15 frå Fylkesrådet for eldre, med denne ordlyden:

Fylkesrådet for eldre har vorte kjent med at ein del eldre har vorte avvist, når dei har teke opp meir enn eit sjukdomsbilete med sin fastlege. Dei eldre vert oppmoda om å bestille ny time for å ta opp fleire problem. Dette ser fylkesrådet for eldre på som ein svært uheldig praksis.

Fylkesrådet for eldre sender dette over til kommunane i fylket, og dei kommunale råda, og ber dei ta opp problemstillinga i sine kommunar. I tillegg sender fylkesrådet for eldre denne problemstillinga over til fylkeslegen, og ber han fylgje opp saka.

Vi er kjende med at legekontora har ulike typar konsultasjonstilbod. Det er mogleg å få «akutt-time» på kort varsel. Desse er meint for korte akuttkonsultasjonar. Gjennomsnittleg konsultasjonsvarigheit i norsk allmenntillegmedisin er om lag 20 minutt, nokre plassar praktiserer 15 minutt. Mange stader er det mogleg å bestille dobbelttime. I alle høve er det mogleg å fortelje kva saka gjeld når ein bestiller time slik at pasient og legekontor kan planleggje konsultasjonen.

Arbeidsmåten i fastlegepraksis er elles slik at utgreiing av problemstillingar ofte vert gjort gjennom fleire konsultasjonar.

Fastlegane må i praksisen sin ta omsyn til at pasientane har ulike behov og individualisere tilbodet sitt innafor dei rammene dei praktiserer under.

Ein generell regel om ikkje å behandle meir enn ei problemstilling per legekonsultasjon er ikkje i tråd med god praksis.

Fylkesmannen har i 2013 behandla ei konkret klage på eit legekontor i ein kommune med same grunnlag. Da vi la saka fram for legekontoret fekk vi klarlagt at legane praktiserte at pasientane kunne ta opp fleire problemstillingar per konsultasjon. Det var tidsbruken på 20 minutt som var rettleiande med omsyn til tida legen hadde til disposisjon per enkeltkonsultasjon.

Vi har ikkje mottatt andre konkrete klager på dette dei seinare åra. Dersom Fylkesrådet for eldre har konkret informasjon om dette, ber vi om informasjon slik at vi kan ta dette opp med den aktuelle kommunen direkte.

Med helsing

Per Stensland
fylkeslege

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpst@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi: Eid Eldreråd v/ Kristina Kostopoulos
Rådhusvegen 11, 6770 Eid.